



Protokoll frå årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag fredag 2. og laurdag 3. mars 2018 på Scandic Seilet Hotell, Molde



Næringskonferansen samla 175 deltakarar i Bjørnsonsalen på Seilet Hotell i Molde (Foto: Arild Eriien).

Næringskonferansen 2018 - Drøvtygging, klima og kretsløp

I framkant og som ein del av fylkesårsmøtet i Bondelaget var det fredag 2. mars kl. 10.00 – 16.00 næringskonferanse med tema drøvtygging, klima og kretsløp med **175 deltakarar** i Bjørnsonsalen på Scandic Seilet Hotell.

Hovudtema var klimapolitikk og med spesielt fokus på drøvtyggarane. Eit av spørsmåla som vart reist er om redusert forbruk av rødt kjøtt er eit fornuftig klimatiltak.

Dette er den årlege møteplassen der heile landbruket i Møre og Romsdal samlast til dialog og inspirasjon, og er eit samarbeid mellom faglaga og Fylkesmannen og inngjekk som ein del av faglaga sine fylkesårsmøter.

Felleskostnader til konferansen er dekkja av Landbrukssekskapet i Møre og Romsdal.

Konferansen samla bønder, rådgjevarar, forvaltning, politikarar, frå fylkesmannen, organisasjonar, rekneskapskontor, bankar, jordbruksseksjefar, landbrukskontora og andre som har eit varmt hjerte for norsk landbruk.

Møteleiar var ordførar i årsmøtet i Norges Bondelag, **Arne Magnus Aasen**, Tingvoll.

Journalist og forfattar av boka «De beste intensjoner», **Anne Karin Sæther**, drog i gang konferansen med foredrag om oljenasjonen Norge og klimaendringane. Styremedlem i Norges Bonde-

lag, **Birte Usland**, tok for seg klimasmart matproduksjon. Nestleiar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag, **Elin Bergerud**, snakka om landbruk og klima.

I neste sekvens fortalte tre bønder om eigen drift – sett frå grasrota. Mjølkebonde **Erik Olufsen**, Aure, om at vi må drive der jorda er, mjølkesamdriiftsbonde **Eli Sjøstad**, Ørskog, om at det er vi som må løyse det, og sau- og storfekjøttproducent **Odd Bjarne Bjørdal**, Ørsta, om lokal ressursutnytting.

Deretter hadde fagfolka ordet. Biolog, journalist og forfattar av boka «En hyllest til sauene», **Anna Blix**, ga ein hyllest til sauene, mens husdyrforskar ved NMBU, **Bente Aspeholen Åby**, fortalte om det store drøvtyggarperspektivet.

Konferansen vart avslutta med politikardiskusjon om drøvtygging, klima og kretsløp. Deltakarar her var stortingsrepresentant **Knut Flølo** (Frp), Vestnes, fylkesleiar og ordførar **Dag Olav Tennfjord** (H), Skodje, stortingsrepresentant **Steinar Reiten** (KrF), Averøy, tidlegare stortingsrepresentant **Pål Farstad** (V), Kristiansund, stortingsrepresentant **Jenny Klinge** (Sp), Surnadal, stortingsrepresentant **Else-May Botten** (Ap), Molde og fylkestingsrepresentant **Yvonne Wold** (SV), Rauma.

Fylkesleiar i Møre og Romsdal Bondelag, **Oddvar Mikkelsen**, oppsummerte konferansen.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: Fannestrandveien 63, 6415 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde (Felleskjøpet)	Telefon: 71 20 28 90	Mobil: 41 41 88 71	E-postadresse More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 939678670 Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05.12891	Internet: www.bondelaget.no/moreogromsdal



Årsmøtet i M&R Bondelag

Årsmøtet tok til fredag 2. mars kl. 17.00

Årsmøteordstyrar Oddvar Tynes opna møtet og ønska utsendingar, æresmedlemmer og gjester velkommen.

SAK 1: OPPROP. GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Rådgevar Arild Erlie foretok opprop. Deltakarlista vert lagt ved protokollen.

På årsmøtet møtte det i alt **53 personar med røysterett**, av desse 43 utsendingar frå 33 lokalag, ordførar i årsmøtet Oddvar Tynes, ordførar i årsmøtet i Norges Bondelag, Arne Magnus Aasen, 5 i fylkesstyret, 2 frå M&R Bygdekvinneag og 1 frå M&R Bygdeungdomslag.

Totalt deltok det 68 personar på fylkesårsmøtet. Inviterte gjestar og påmeldte utan stemmerett var styremedlem i Norges Bondelag, Birte Usland, æresmedlem Guttorm Kjelsvik, Vestnes, kandidat til 3. vara til styret Anna Håland Berget, Rauma, 2 frå valnemnda som ikkje var utsendingar til årsmøtet og 4 frå fylkeskontoret.

Vidare deltok medlem i eigarutval Tine Midt, Kenneth Høyning, Gjemnes, nestleiar i region Midt Nortura, Olav Håkon Ulfsnes, Aure, styreleiar i Landbruk Nordvest, Inge Martin Karlsvik, Eide, fylkeskontakt i Landkreditt, Othild Tjugen, Eide, fylkesleiar i Oikos, Anne Katrine Jensen, Gjemnes og prosjektleiar i 4H, Kristin Haanshuus, Florø.

Æresmedlem Gunnar Wentzel møtte som utsending frå Molde Bondelag, 1. vara til styret, Marte Halvorsen, som utsending frå Hals Bondelag og fylkesleiar i TYR, Asbjørn Dahlen, som utsending frå Gjemnes Bondelag.

Mange inviterte til Bondelagets fylkesårsmøte frå samarbeidande organisasjonar var også blant dei 175 deltakarane som deltok berre på næringskonferansen på dagtid fredag.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.



SAK 2: VAL AV TO PERSONAR Å SKRIVE UNDER PROTOKOLL

Vedtak: Hege Eline Slåttelid, Austefjord og Bjørke Bondelag og Ingrid Opsvik, Stranda Bondelag vald til å skrive under protokollen.

SAK 3: OPPNEMNING AV REDAKSJONSNEMND

Vedtak: Leiar Marte Halvorsen (fylkesstyret), Jan Ingvar Aasen (Straumsnes og Tingvoll Bondelag) og Ståle Ansnes (Todalen Bondelag). Sekretær: rådgevar Rose Bergslid

SAK 4: ÅRSMELDING 2017

Rådgevar Arild Erlie la fram årsmeldinga.

Desse hadde ordet: Konrad Johan Kongshaug (Averøy Bondelag) om at årsmøtet i fjor vedtok rekneskapet 2016 med merknad, der det vart påpeika at framlegginga i årsmøtet var for dårleg forberedt. Denne merknaden burde stått i årsmeldinga for 2017.

Vedtak: Årsmelding for Møre og Romsdal Bondelag 2017 godkjent.



SAK 5: REKNESKAP 2017

Organisasjonssjef Arnar Lyche la fram rekneskapa (Rekneskapa er teke inn i årsmeldinga)

Rekneskapa er ført av Norges Bondelag og revidert saman med Norges Bondelag sine rekneskap. Fylkeslaget er ei avdeling i Norges Bondelag. Bankkonto ligg også i Norges Bondelag. Eigenkapitalen står på konto i Landkreditt.

Rekneskap viser driftsinntekt på kr. 2.187.891,75 og ein driftskostnad på kr. 2.143.575,77

Finansinntekter var på kr. 26.094,19

Resultat for 2017 viser overskot på kr. 70.410,17

Balansen er følgande:

Eigendeler: Bankinnskott: 1.251.646,44

Gjeld og Eigenkapital: Eigenkapital: 1.251.646,44

Desse hadde ordet: Konrad Kongshaug (Averøy Bondelag) og Knut Hustad (Hjørundfjord Bondelag). Dei ga ros for godt framlagt rekneskap.

Vedtak: Rekneskap for Møre og Romsdal Bondelag for 2017 er godkjent med atterhald om Norges Bondelags revisor sin godkjenning. Rekneskapet er gjort opp med eit årsoverskot på kr 70.410,17. Eigenkapitalen 1.1.2018 er kr 1.251.646,44

SAK 6: ARBEIDSPLAN 2018/2019

Nestleiar Gunnhild Overvoll la fram arbeidsplan.

Styrets utsendte arbeids- og tiltaksplan hadde omtale av målsettingar for næringspolitikk, rekruttering – likestilling – kompetanse, samfunnskontakt og utadretta verksemd, organisasjon og landbruksbasert næringsutvikling – tradisjonelt og nye næringsgreiner.

I tillegg vart desse sakene spesielt trekt fram:

Hjort. Konesjon og driveplikt. Organisasjonskurs. Klima. Myr. Kvoteregelverk. Dyrevelferd. «Betre og økt beiting». Besøke Akershus Bondelag. Framtidslandbruk



Desse hadde ordet: Oddvar Mikkelsen (fylkesstyret), Oddvar Tynes (ordfører), Konrad Kongshaug (Averøy Bondelag), Gunnar Flore (Fræna Bondelag).

Vedtak: Arbeids- og tiltaksplan for 2018-2019 godkjent.

SAK 7: BUDSJETT 2018

Nestleiar Gunnhild Overvoll la fram budsjett.

Desse hadde ordet: Kjersti Fløystad Ellingsgård (Molde Bondelag)

Vedtak: Budsjett for Møre og Romsdal Bondelag 2018 godkjent.

Årsmøtet heva første dag kl. 18.00

Frå kl. 18.00-18.30 var det tid til faddersamling, der fylkesstyret sine medlemmer møtte sine lokallag til samtale. Her vart det utveksla erfaringar om lokallagsaktivitetar og tips om samarbeidsaktivitetar.

Middagen kl 20.00

vart leia av fylkesleiar Oddvar Mikkelsen.

Under middagen vart Ørskog Bondelag kåra til Aktivt Lokallag (sjå omtale under).



Birte Usland og Oddvar Mikkelsen

Årsmøtet laurdag 3. mars

kl 09.00 – 13.30.

FYLKESLEIARS TALE ved Oddvar Mikkelsen.

ÅRSMØTETALE

vart halde av styremedlem i Norges Bondelag, **Birte Usland**, om aktuelle faglige- og organisasjonsmessige utfordringar og mulegheiter for Bondelaget, og påfølgande generaldebatt.

GENERALDEBATT

Det er laga eit **notat** med oppsummering av alle innspel og kommentarar frå generaldebatten for drøfting og oppfølging i fylkesstyret. Notatet følger som vedlegg til protokollen.

Desse hadde ordet: **Gunnar Flore** (Fræna Bondelag), **Marte Halvorsen** (fylkesstyret), **Vegard Smenes** (fylkesstyret), **Konrad Kongshaug** (Averøy Bondelag), **Peder Hellebostad** (Sunnylven Bondelag), Replikk **Konrad Kongshaug** (Averøy Bondelag), **Simone Tessa** (Nesset Bondelag), **Endre Steiner** (Rauma Bondelag), **Gunnhild Overvoll** (fylkesstyret).

Oddvar Mikkelsen og Birte Usland oppsummerte.

GENERALDEBATT FRAMHALD:

Ingrid Opsvik (Stranda Bondelag), **Gunnhild Overvoll** (fylkesstyret), **Peder Hellebostad** (Sunnylven Bondelag), Replikk **Konrad Kongshaug** (Averøy Bondelag), Replikk **Gunnhild Overvoll** (fylkesstyret), **Peder Saltrø** (Surnadal Bondelag), **Asbjørn Dahlen** (TYR), **Anders Øverbø** (Valnemnda), **Kjers-ti Fløystad Ellingsgård** (Molde Bondelag), **Olav Håkon Ulfnes** (Nortura), **Vegard Smenes** (fylkesstyret), **Konrad Kongshaug** (Averøy Bondelag), **Petter Melchior** (fylkesstyret), **Ann Mari Bjørnøy** (Harøy og Fjørtoft Bondelag), **Knut Hustad** (Hjørundfjord Bondelag), **Olav Håkon Ulfnes** (Nortura).

Fylkesleiar **Oddvar Mikkelsen** og styremedlem i Norges Bondelag, **Birte Usland**, oppsummerte.

SAK 8: UTTALE FRÅ ÅRSMØTET

Leiar i redaksjonsnemnda, **Marte Halvorsen**, la fram forslag til uttale.

Desse hadde ordet:

Gunnar Flore (Fræna Bondelag), **Knut Hustad** (Hjørundfjord Bondelag), **Petter Melchior** (fylkesstyret) **Gunnar Flore** (Fræna Bondelag), **Vegard Smenes** (Averøy Bondelag), **Oddvar Mikkelsen** (fylkesstyret), **Simone Tessa** (Nesset Bondelag).

Vedtak: Uttale om Drøvtygging, klima og kretsløp

UTTALE: Drøvtygging, klima og kretsløp

Sauen, kua og andre drøvtyggere fremstilles som et stort problem i klimadebatten. Dette til tross for at drøvtyggerne har vært en del av kretsløpet i titusenvis av år. I Norge har disse dyra omgjort urter, gras og kratt til livsvikte produkter som melk, kjøtt og ull siden yngre steinalder. Samtidig har de produsert gjødsel til nye planteavlinger. De bidrar til stor verdiskaping, sysselsetting, bosetting over hele landet, næringsutvikling og former det kulturlandskapet vi som bor her og tilreisende setter stor pris på. Man kan spørre seg om det negative klimafokuset på drøvtyggerne er riktig dimensjonert i oljenasjonen Norge?

Tall fra Avinor viser sterk økning i flytrafikken fra Gardermoen. Fra dagens 25 millioner passasjerer kan en ny terminal/rullebane øke trafikken til 65 millioner passasjerer årlig på sikt. Tur/retur London tilsvarer klimagassutslipp fra et gjennomsnittlig årsforbruk per person av rødt kjøtt.

Rapporterte utslipp fra norsk olje- og gassvirksomhet kommer fra utvinning og prosessering, og tallet er 15,1 millioner tonn CO₂ – ekvivalenter (2015). Når denne produksjonen fra norsk sokkel brukes frigis om lag **690 millioner tonn CO₂** – ekvivalenter. Til sammenligning er jordbrukets utslippstall (2015) **4,5 millioner tonn CO₂** – ekvivalenter.

Produksjon av mat fører – i større eller mindre grad – til utslipp av klimagasser. Gjennom det nasjonale prosjektet «klimasmart landbruk» jobber en samlet næring for at utslippene fra landbruket skal bli så lave som mulig. God utnytting av næringsstoff gir lave utslipp av klimagasser. Det handler om å utnytte tilgjengelige ressurser best mulig. Det handler om å tenke kretsløp i alt vi gjør. Drøvtyggerne har en naturlig plass i kretsløpet.

Helsingar

Fylkesleiar i Bygdekvinnelaget, **Monica Frisvold Vågan**, overrekte blomster til Oddvar Mikkelsen.

SAK 9: INSTRUKS FOR VALNEMNDA

Rådgevar Arild Erlien la fram forslag til instruks for valnemnda i Møre og Romsdal Bondelag. Vedteken instruks følgjer som vedlegg til protokollen.

Desse hadde ordet: Karl Inge Lilleås (Eidsdal og Norddal Bondelag), Gunnar Flore (Fræna Bondelag), Anders Øverbø (Valnemnda)

Vedtak: Instruks for valnemnda i Møre og Romsdal Bondelag godkjent.



Styret i Møre og Romsdal Bondelag 2018/2019

Foran f.v.: fylkesleiar Oddvar Mikkelsen, Surnadal, nestleiar Gunnhild Overvoll, Stranda og styremedlemmene Vegard Smenes, Averøy, Petter Melchior, Norddal og Odd Bjarne Bjørdal, Ørsta. Bak f.v.: varamedlemmene Marte Halvorsen, Halså, Konrad Johan Kongshaug, Averøy og Anna Håland Berget, Rauma (Foto: Arild Erlien).

SAK 10: VAL

51 med røysterett var tilstade. Leiar i valnemnda, Anders Øverbø, presenterte forslaga. Tellekorps: Anders Øverbø, Jorunn Gunnerød, Atle Frantzen

1. Leiar. Val for 1 år.

På val: Oddvar Mikkelsen, Surnadal - JA til attval
(Leiar frå 2016, styremedlem frå okt 2015, 1.vara frå mars 2015 og 3.vara frå 2012)

Vedtak: Leiar: Oddvar Mikkelsen, Surnadal Attval 50 st – 1 blank

2. To styremedlemer. Val for 2 år.

På val: 1. Styremedlem Odd Bjarne Bjørdal, Ørsta - JA til attval
(styremedlem frå 2016)
2. Styremedlem Vegard Smenes, Averøy - JA til attval
(styremedlem frå 2016, 1. vara frå okt 2015 og 2.vara frå 2015)

Ikkje på val til styret er: Gunnhild Overvoll, Stranda og Petter Melchior, Norddal

**Vedtak: 1. Styremedlem: Odd Bjarne Bjørdal, Ørsta Attval 49 st - 2 blanke
2. Styremedlem: Vegard Smenes, Averøy Attval 46 st - 5 blanke**

Det er no 50 med røysterett i årsmøtet

3. Nestleiar. Veljast for 1 år mellom dei 4 styremedlemene.

På val: Gunnhild Overvoll, Stranda (Har vore nestleiar frå 2015) - JA til attval

Vedtak: Nestleiar: Gunnhild Overvoll, Stranda Attval 50 stemmer

4. Val av 3 vararepresentantar til styret i nr.-orden for 1 år.

På val: 1 vara: Marte Halvorsen, Halså (1. vara frå 2016) - JA til attval
 2 vara: Tore Våde, Volda (3. vara frå 2015, 2. vara frå 2017) - NEI til attval
 3 vara: Eva Merete Lindseth, Fræna (3. vara frå 2017) - NEI til attval

Vedtak	1. vara: Marte Halvorsen, Halså	Attval	Samrøystes
	2. vara: Konrad Johan Kongshaug, Averøy	NY	Samrøystes
	3. vara: Anna Håland Berget, Rauma	NY	Samrøystes

5. Ordstyrar til årsmøtet 2019

På val: Oddvar Tynes, Stranda (valt 2012) - JA til attval
 vara : Trond Malmedal, Fræna (valt 2015) - JA til attval

I lovene til Norges Bondelag heiter det møteleiar. M&R Bondelag har brukt ordstyrar. I instruks for valnemnda (Sak 9) vedtok årsmøtet ordstyrar som ordlyd.

Vedtak:	Ordstyrar: Oddvar Tynes, Stranda	Attval	47 st - 3 blanke
----------------	---	---------------	-------------------------

Varaordstyrar: Lovene til Norges Bondelag seier ikkje noko om at fylkeslaget må velje vara for møteleiar. Årsmøtet vedtok i sak 9 i instruks for valnemnda å ikkje velje varaordstyrar, kun ordstyrar for neste årsmøte.

6. Utendingar til årsmøtet i Norges Bondelag (2018/2019)

Utendingar til årsmøtet skal veljast for to år om gongen, der halvparten går ut kvart år. Dei som er valt for to år og som skal møte i 2018 også (ikkje på val i år), er forutan fylkesleiar:

- | | | |
|-----------|-----------------------------------|--------------------|
| 1. | Gunnhild Overvoll, Stranda | (2017/2018) |
| 2. | Petter Melchior, Norddal | (2017/2018) |

Vedtak: Utendingar til årsmøtet i Norges Bondelag for 2 år (2018/2019):

- | | | |
|-----------|----------------------------------|--------------------|
| 3. | Odd Bjarne Bjørdal, Ørsta | (2018/2019) |
| 4. | Vegard Smenes, Averøy | (2018/2019) |
| 5. | Marte Halvorsen, Halså | (2018/2019) |

Vedtak: Utending til årsmøtet i Norges Bondelag for 1 år (2018):

- | | | |
|-----------|---------------------------------|---------------|
| 6. | Konrad Kongshaug, Averøy | (2018) |
|-----------|---------------------------------|---------------|

7. Val av 6 varautendingar til årsmøtet i Norges Bondelag i nr.-orden for 1 år**Vedtak:**

- 1. Anna Håland Berget, Rauma**
- 2. Audun Skjervøy, Norddal**
- 3. Bente Bjerkeset Solenes, Gjemnes**
- 4. Hege Eline Slåttelid, Volda**
- 5. Asbjørn Dahlen, Gjemnes**
- 6. Organisasjonssjefen i M&R Bondelag**

Medlemmer i valnemnda som er på val i 2018:

Anders Øverbø, Rauma	(2016/2017/2018)
Knut Hustad, Ørsta	(2016/2017/2018)

Vedtak:

Svein Skar, Aure NY (1.v 2018) (2019/2020/2021)
Per Kristian Gjerde, Stranda NY(2019/2020/2021)

Val av leiar i valnemnda 2019 for 1 år:

Vedtak: Jorunn Gunnerød, Molde NY (n.leiar -18)

Val av nestleiar i valnemnda 2019 for 1 år:

Vedtak: Jan Ingvar Aasen, Tingvoll NY

8. Valnemnd – val av 2 medl. for 3 år

Medlemmene i valnemnda er valt for 3 år.

Årsmøtet vedtok i sak 9 instruks for valnemnda i Møre og Romsdal Bondelag.

Dei som ikkje er på val er:	Funksjonstid:
Jan Ingvar Aasen, Tingvoll	(2017/2018/2019)
Connie Hansen Bjørnøy, Haram	(2017/2018/2019)
Jorunn Gunnerød, Molde	(2018/2019/2020)

9. Val av 3 varamedlemmer i valnemnda (2019) i nummerorden for 1 år:**Vedtak:**

- | | |
|--------------------------------------|---------------------------|
| 1. Petter Arne Ekroll, Skodje | NY (2.vara i 2018) |
| 2. Grete Misfjord, Vestnes | NY (3.vara i 2018) |
| 3. John Helde, Nesset | NY |



SAK 11: REISE OG GODTGJERSLE TIL STYRE OG TILLITSVALDE

A) Vedtak:

Fylkeslaget nytter Norges Bondelag sine satsar for reise og diett samt for møtegodtgjersle til fylkesstyret, og til tillitsvalde medlemmer i utval som er oppnemnt av fylkeslaget og talspersonar som opptre på vegne av fylkeslaget.

(Møtegodtgjersla gjeld ikkje for utsendingar frå lokallaga til leiarmøtet og årsmøtet av di det ikkje er budsjettmessig dekning for det i fylkeslaga. Reisedekning for desse møta blir fastsett av styret. Evt møtegodtgjersle for lokallaga må bli gjeve etter vedtak i årsmøta i lokallaga.)

B: Vedtak:

Nestleiar i fylkesstyret får utbetalt 10 prosent av fylkesleiarar årlege godtgjersle.

VINNAR AV AKTIVT LOKALLAG – ØRSKOG BONDELAG

Under middagen fredag kveld vart Ørskog Bondelag utnemnt til Aktivt Lokallag. Fylkesleiar Oddvar Mikkelsen overrekte vandrepremien, trekofferten, til Ørskog Bondelag ved leiar Knut Ivar Bøe og nestleiar Eli Sjøstad.

Laget går vidare til konkurransen i Norges Bondelag om Årets Lokallag. Årets Aktivt Lokallag i kvart fylke får kr 5 000 frå Norges Bondelag.

Styret i Møre og Romsdal Bondelag utnemner kvart år eit «Aktivt Lokallag». Fleire av tidlegare års vinnarar er også i år vurdert som kandidatar. Men det har vore drøfta i styret at utnemninga bør "gå litt på omgang" mellom laga, og at ein også bør sjå på aktivitetar over fleire år, sjølv om utnemning gjeld kalenderåret. Dette for at også mindre lokallag med færre ressursar og færre medlemmer, men med stor, jamn og god aktivitet, kan nå opp i konkurransen om kåring av Aktivt lokallag.

Årets Aktivt Lokallag har i alle år hatt mange,



Fylkesleiar Oddvar Mikkelsen (t.v.), leiar Knut Ivar Bøe og nestleiar Eli Sjøstad i Ørskog Bondelag og Birte Usland frå Norges Bondelag. (Foto: Arild Erlien).

gode og varierte medlems- og utadretta aktivitetar, men har ikkje fått utnemninga sidan 1992. Laget har teke mange muntlege og skriftlege initiativ og kontaktar over fleire år.

Laget har årleg kome med innspel til jordbruksforhandlingane, sendt inn høyringsuttaler i organisasjonen og hatt god deltaking på fylkeslagets samlingar.

Laget har vore godt synleg i lokalmiljøet og i media i forkant av årlege jordbruksforhandlingar og i aksjonar ved brot i forhandlingane, har organisert årleg innsamling av landbruksplast, hatt innsamling av skrapjern og utrangert landbruksreiskap gjennom «bygderydding» med mottak av skrot frå nedlagte bruk, halde årlig møte med landbrukskontoret om m.a. SMIL, landbruksplan m.m., og sendt uttale til planarbeid og i vegsaker.

Ein fast aktivitet i lokallaget er å dele ut mold og frø til barnehagane i kommunen.

Dei har også invitert skuleklasser til å ta opp poteter hos eit styremedlem i laget, og har invitert til skulelunsj for hele ungdomstrinnet m/landbruksquiz. Siste året kom laget med innspel på kandidatar både til Kulturlandskapsprisen og til kommunal pris.

Laget har også engasjert seg i å få meir av det trykte materialet i Bondelaget på nynorsk, og har kome med uttale til fylkesbondelaget om RMP-ordninga, som førte til at det vart sett i gang eit omfattande arbeid på fylkesplan med evaluering av RMP.

AVSLUTNING

Ordstyrar **Oddvar Tynes** takka for tilliten.

Fylkesleiar **Oddvar Mikkelsen** takka for tilliten for vegne av heile fylkesstyret.

Birte Usland takka for deltakinga.

Møtet heva kl. 13.30

**Arild Erlien – ref
Ingrid Opsvik (s)**

**Oddvar Tynes - ordstyrar
Hege Eline Slåttelid (s)**

Bildeglimt frå næringskonferansen



Næringskonferansen samla 175 deltakarar i Bjørnsonsalen på Seilet Hotell i Molde (Foto: Arild Erlien).



Innleiarar frå venstre: styremedlem i Norges Bondelag, **Birte Usland**, nestleiar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag, **Elin Bergerud**, journalist og forfattar, **Anne Karin Sæther**, biolog, journalist og forfattar, **Anna Blix**, møteleiar **Arne Magnus Aasen** og husdyrforskar ved NMBU, **Bente Aspehølen Åby** (Foto: Arild Erlien).



Bøndene **Erik Olufsen**, Aure, **Eli Sjøstad**, Ørskog og **Odd Bjarne Bjørndal**, Ørsta, fortalde om eigen drift.



Politikarpanelet frå venstre: **Knut Flølo** (Frp), **Dag Olav Tennfjord** (H), **Steinar Reiten** (KrF), **Jenny Klinge** (Sp), **Else-May Botten** Ap), **Yvonne Wold** (SV) og **Pål Farstad** (V). (Foto: Arild Erlien).